

Knivskjelodden, Knivskjerodden, *Knivskarodden

Av Eldar Heide

*This article presents an interpretation of the name of the northernmost point of Norway, a low promontory 4 km to the west of Nordkapp (North Cape). The point is most widely known as Knivskjelodden, but there is a parallel form Knivskjerodden. The Saamic name is Kniskárnjårga (njårga = point,), which the author, due to the initial, double consonants, assumes is borrowed from Norwegian. On this basis, he argues that the original Norwegian form of the name was *Knivskarodden, meaning 'The Knife Cleft Point', referring to a marked cleft ("as if cut with a knife") on the base of the promontory. Because of it is unstressed position, the a in *Knivskarodden would be exposed to weakening, and thus the form Knivskjerodden could emerge. Then, the senseless Knivskjerodden (there is no skjer, scerry, near the point) could have been altered into Knivskjelodden as an attempt to make the name understandable. Knivskjel 'razor clam', is long and narrow like a knife, and the point is also quite long and narrow.*

Som mange veit, er Nordkapp ikkje det nørdeste punktet i Noreg. Fire kilometer vest for den mektige næringen strekker ein smålåten odde seg 1 kilometer lenger nord. Kva som er rette namnet på odden er ikkje klårt. På dagens kart heiter han *Knivskjelodden*, men fyrlykta som står der, heiter i Norsk fyrliste *Knivskjærødden* (1994-utgåva, s. 529). Eldre kart vekslar mellom desse to namneformene. På den eldste, handteikna landkartoriginalen frå 1904 heiter odden *Knivskjærødden*, og bukta på austsida *Knivskjærbugten*. På den fyrste prenta utgåva, frå 1907, står det derimot *Knivskjelodden* og *Knivskjelbugten*. Det same står på 1939-utgåva. Men på 1958-utgåva dukkar *r*-formene opp att: *Kniv-*

skjerodden og *Knivskjerbugten*. Det har Per Hovda så endra til *Knivskjel-* i namnelista til dagens utgåve av N50-kartserien, frå 1979. (Takk til Anne Svanevik og Ulf Hansen i Statens kartverk for kart og namneliste.) I dag står det derfor *Knivskjelodden*, *Knivskjelbukta* og *Knivskjelvika*.

Som sekretær i Statens namnekonsulentar for norske stadnamn i Nord-Noreg arbeidde eg for eit par år sidan med revisjon av namna i *Den norske los* på Finnmarks-kysten, og fekk da høve til å spørja folk i dei næraste fiskeværa om kva dei seier. Svaret var at dei seier begge delane, men at det vanlegaste i dag berre er *Odden*. Dette kan forklare kvaklinga i skrivemåten. Likevel må den eine namneforma vera meir opphavleg enn den andre. *Knivskjelodden* er den som gjev best mening, for odden skal likne på ei knivskjel, lang og låg som han er, og **Knivskjeret* finst ikkje. Etter mine opplysningar er det ikkje noko skjer ved odden i det heile, berre ein holme kalla *Skarholmen* inne ved 'rota' av odden på vestsida. *Knivskjerodden* gjev altså ikkje mening. Når den namneforma likevel finst, så tyder det på at den er mest opphavleg av dei to, og at *Knivskjelodden* er eit yngre, folkeetymologisk forsøk på å gje namnet mening. Det at *Knivskjerodden* vik for *Knivskjelodden*, tyder på det same.

Korleis kan så *Knivskjerodden* forklarast utan skjer? Qvigstad (1938:59) har notert at samisk namn på odden er *Knis'kar* eller *Knis'karnjar'gå*. Med moderne rettskriving blir det truleg *Kniskárnjårga*, opplyser Kaisa Rautio Helander. *Kniskár* må vera lånt frå norsk, og tyder på at det norske namnet tidlegare hadde forma **Knivskarodden*. Det gjev god mening. Ved foten av odden er det eit markert, djupt skar som i dag berre heiter *Skaret*. Det er markert med ei teikning på sjøkartet (S 103), som ikkje har høgdekurvar. Ein slik illustrasjon er det berre éin terrengdetalj til som har fått på heile kartbladet, så det er tydeleg at ein lett merkjer seg dette skaret frå havet. Ein fiskar eg har prata med sannar det, og fortel at det er mykje brukt i meding: «Kappa i skaret» osv. Eg tenkjer meg at dette skaret tidlegare heitte **Knivskaret*, fordi det er så djupt og skarpt at det kan sjå ut som det er skori med kniv. **Knivskaret* har så gjevi namn til både odden nordafor, vika rett under og den større bukta utanfor den, tenkjer eg meg. På bakgrunn av dei opplysningane vi har, kan den opphavlege forma òg ha vori **Knipskaret*. Jamfør at *Trongknipa* er eit trong skar i Borge på Vestvågøya. (Takk til Finn Myrvang for dette tipset.) Men **Knivskaret* skulle også vera ei grei form, og da ser eg det ikkje nødvendig å forkaste *kniv*-forma. – Ei utvikling **Knivskarodden* > **Knivskerodden* > *Knivskjerodden* ville ikkje vera overraskande. Så langt som namnet er, ville *a*-en i **Knivskarodden* bli ståande inneklemt og derfor svært trykklett, og derfor lett bli svekt. Fiskaren eg nemnde sa at det rett og slett kan vera vanskeleg å høyre om folk seier *Knivskjerodden* eller *Knivskjelodden*. Stavinga blir mest gløymt. Det siste steget i utviklinga, det frå **Knivskerodden* til *Knivskjerodden*, føreset at palatalisering av *vclar* har kunna

skje nokså langt fram i tida. Det burde ikkje vera problematisk, i lys av at same uttaleutviklinga har skjedd i unge lånord som *gevær*, *n*. (i tradisjonell dialektuttale *lje'væ:r/*), *kino*, *m*., og *kjemi*, *m*., for å nemne nokre døme.

Forklaringa eg set fram her gjer ikkje valet mellom namneformene *Knivskjelodden* og *Knivskjerodden* stort lettare. Det er sannsynleg at *skjer*-forma er mest opphavleg av dei to. Men når heller ikkje den forma gjev mening, og *skjel*-forma no er verdskjend, er det vanskeleg å argumentere for at *Knivskjelodden* skal vike som offisiell form.

Nordkapp heiter *Kappa* (med tostavingstonelag) blant fiskarane i området. Den vestre delen av næringen, 1–2 km vest for turistsenderet, går under namnet *Lille-Kappa*.¹ Venteleg er *Kappa* eit nokså ungt namn oppstått som ein variant av *Nordkapp*, i folkeetymologien kanskje tenkt slik at *Nordkapp*-plataet er som ei kappe breidd utover. Ordet *iskappe* (frå engelsk *ice cap*) bygger på ein liknande idé. Namnet *Kappa* er likevel minst 100 år gammalt, for det står på kartet frå 1907. Nærare har eg ikkje hatt høve til å undersøke det namnet. Namnet *Kinn* om *Nordkapp* er truleg eldre. Det er lite kjent i dag, men ein fiskar frå Skarsvåg som eg prata med, kjende det. Hovda (1974:78-79) har den same opplysninga, og seier at *Nordkapp* òg vart kalla *Nordkinn* tidlegare. Det har eg ikkje fått sanna, men ser ingen grunn til å tvile på det. Ein skulle kanskje tru det ville bli blanda i hop med namnet på det nørdeste fastlandspunktet (vest for Mehamn), som er kjent under namnet *Nordkinn*. Det er så nære *Nordkapp* at begge næringane blir brukte i meding på dei same fiskefelta. Men sistnemnde *Nordkinn* blir til vanleg kalla *Kinnaren* blant fiskarane og lokalbefolkninga på begge sider av Porsangen og Laksefjorden (sikkert vidare òg). Odden på *Kinnaren* kallar dei *Kinnarodden*. Namnet *Nordkinn* om den næringen (den ved Mehamn) blir helst brukt i samtale med framande. Den lokale uttalen som eg har høyrert er /^hnu:ry:n/ (ikkje palatal *n*), etter skrivemåten *Nordkyn*, som skal bygge på mistyding av den hollandske skrivemåten (*kijn*, jf. Hovda 1967:59). Ein kan derfor lure på om namnet *Nordkinn* om det nørdeste fastlandspunktet ikkje har rot i folkeleg tradisjon på Finnmarks-kysten.

¹ Det heiter *Kappa* – *Lille-Kappa*, ikkje *Stor-Kappa* – *Lille-Kappa*, slik det står på kartet og slik vi kom i skade for å rå til i den nemnde lossaka.

Litteratur

- Hovda, Per, 1967: Names from Hålogaland. Some scattered remarks. I [Ingeborg Hoff, red.]: *Lapps and Norsemen in Olden Times*. Forelesninger, Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie A, 26. Oslo: Universitetsforlaget

- Hovda, Per, 1974: Hollandsk innverknad på namn i norske kart. I: *Nordiska namn. Festskrift til Lennart Moberg 13 december 1974*. Uppsala: Lundequistska bokhandeln, 78–81
- Qvigstad, Just, 1938: *De lappiske stedsnavn i Finnmark og Nordland fylker*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B: Skrifter 33. Oslo: Aschehoug
- Norsk fyrliste*. Utgitt av Kystdirektoratet 1994. Redigert av Svein O. Løve. [Oslo:] Grøndahl og Dreyer